

Til foreldre/føresette

Utdeling av 4 årsbok har lange tradisjonar i Den norske kyrkje. Kanskje du som forelder/føresett fekk 4 årsbok sjølv? Kanskje du har den ennå? I Stokkalandsmarka menighet deler me nå ut «Barnebibelen min». Dette er ei fargerik bok, med enkel tekst og spennande forteljingar frå Bibelen.

Utdelinga skjer på ei samling for heile familien, søndag 1. oktober kl. 11.00 i Stokkalandsmarka menighetshus, Gardsvegen 26. Me startar med ei lita samling, før me et i lag og har nokre aktivitetar. Inviter gjerne med besteforeldre, sysken, tantar, onklar, fadrar og andre denne sundagen!

Lørdag 30. september kl. 16.30 har me ei samling for 4 åringane i menighetshuset, med sang, forteljing og ein liten formingsaktivitet. Dette er ei kjekk samling som varer ca. ein time, og me ynskjer at barnet er i fylgje med ein vaksen. Dersom de som foreldre/føresette ikkje kan fylgja barnet på lørdagen og/eller sundagen, er dette ei flott anledning til å be ein av fadrane til barnet om å fylgja. Begge desse dagane vil de møte menighetspedagog Solveig Høyland og menighetsutviklar Anders Primstad.

For at me skal ha oversikt over kor mange barn som kjem på samlinga, er det fint om de kan melda på barnet innan søndag 24. oktober.

For å melda på barnet, går de inn på heimesida: www.stokkalandsmarka.com
Der finn de artikkelen om 4 års bok. Når de klikker inn på den, vil de finne linken til påmeldingsskjemaet.

Hugs å få med eventuelle allergiar eller andre ting me godt kan veta om for å leggja best mogleg til rette for dykkar barn!

Har de spørsmål, eller veit om nokon (født i 2019) som ikkje har fått invitasjonen som ynskjer å vera med på dette: Ta kontakt med menighetspedagog Solveig Høyland på mob: 99643224 eller mail: solveig.hoyland@hakyrkja.no.

Med helsing Solveig Høyland og Anders Primstad